



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 10.8.2018

Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KLAGE – LØYVE TIL SKADEFELLING AV JERV

Viser til dykkar ref. 2017/2788

Naturvernforbundet klagar med dette på vedtak gjort av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 7.8.2018, gjeldande skadefelling av jerv i Rauma kommune sin del av Reinheimen.

Naturvernforbundet meiner at vedtaket må gjerast om til avslag.

Naturvernforbundet kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Skadefellingsløyvet er gitt i forvaltingsområdet for jerv. Det tyder at det er jerven sine behov som går føre, og beitenæringa må innrette seg etter jerven sine behov.

Klima- og miljødepartementet har presisert at det skal vere tydeleg skilnad mellom beiteprioriterte område og rovdyprioriterte område. Det skal vere relativt lett å få skadefellingsløyve i beiteprioritert område, og tilsvarende vanskeleg i rovdyprioritert område. Dette slik at beitenæringa kan innrette seg etter situasjonen, og på den måten redusere konfliktnivået. Ein føresetnad for å ha ein låg terskel for skadefellingsløyve i beiteprioriterte område er at ein er tilsvarende streng i rovdyprioriterte område, slik at ein har ein samla bestand av rovdypa som toler uttaket.

Det går fram av Fylkesmannen sitt saksframlegg at området har hatt tap til rovdyp sidan 1987, og at det er årlege tap i området. Forvaltingsplanen for store rovdyp i region 6 seier at det er mål om 3 jervynglingar pr. år i Sunndalsfjella og Reinheimen. Det svarar til ca. 20 jerv. 20 jerv i dette området vil merkast og det vil føre til tap av beitedyp. Det er dette som er normalsituasjonen i dette området.

Sjølv om det er påvist 4 ynglingar i Møre og Romsdal i år, så er det berre to av dei som er i

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreogromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

forvaltingsområdet for jerv. Sett over tid er det heller ikkje noko som tyder på at bestanden av jerv i forvaltingsområdet er større enn det talet ynglingar peiker på. Det skal difor vere eit klart mål for forvaltinga å auke jervbestanden i dette området. I tillegg til at det skal vere ein vesentleg høgare terskel for å gi skadefellingsløyve, skal det vere ytterlegare vanskeleg når ein ikkje er oppe på det bestandsnivået som er planlagt. Rovviltnemnda i region 6 har elles nettopp vedtatt ein forvaltingsplan med redusert forvaltingsområde for jerv, som ytterlegare forsterkar at jerven må få opphalde seg i Reinheimen.

Nabofylket Oppland har i år registrert 3 ynglingar, har mål på 4. Ein må såleis ty til ynglingar utanfor forvaltingsområdet for å nå 7 ynglingar i den sørvestlege delbestanden av jerv dette året. Dette har Fylkesmannen ikkje gått nærare inn på i sitt vedtak.

Den eine ynglinga innanfor forvaltingsområdet er sannsynlegvis ganske nær området det er gitt fellingsløyve i. Som grunnlag for fastsetting av jakttida er det rekna med at jervungar er store nok til å klare seg sjølv frå 10. september. I august har jervungar i alle fall reduserte utsikter til å overleve viss mora blir skoten. Ein kan ikkje sikre seg mot dette med vilkåret om at jervtispe i følge med ungar ikkje skal fellast, då tispa ikkje går saman med ungane heile tida når vi er komne såpass langt utpå sommaren.

Sjølv om tørka er ein faktor, kan ein ikkje forvalte dei store rovdyra i takt med om bøndene kan ta normale avlingar eller ikkje. I alle fall ikkje når ein til vanleg held bestandane på eit nivå slik at artane er høgt raudlista.

I staden for å bruke 100 000 til jakt, foreslår vi at dette beløpet blir brukt til meir oppsyn i staden.

Konklusjon

I forvaltingsområdet for jerv er det beitenæringa som skal tilpasse seg til jerven sine behov, og ein må rekne med tap viss ein likevel beiter i forvaltingsområdet for jerv. Søknaden om skadefellingsløyve må difor avslåast.

Krav om oppsetjande verknad av klaga

Vi ber om at klaga får oppsetjande verknad. Dette sidan det vil vere svært uheldig for jervbestanden om det blir felt eit dyr i det aktuelle området.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:
Miljødirektoratet
Klima- og miljødepartementet